



MØTEPROTOKOLL

Utval: Administrasjonsutvalet
Møtedato: 22.04.2015
Møtetid: 15:00 - 15:50
Møtestad: Kommunehuset

Av 10 medlemmer møtte 9.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Birthe Skar-Moum (Ap)	Ingen

Andre som var til stades på møtet:

Tone Ramsli, rådmann
Jan Erik Boge, stabssjef

Møteleiar:	Marit A. Aase (Krf)
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Merknader:

Oddrun Lemme Sandvin er nyvald representant frå Fagforbundet i administrasjonsutvalet, og møtte i utvalet for første gong. Ho erstattar Wenche Håhjem.

Orienteringar/meldingar:	<u>Omorganisering av reinhaldstenesta</u> Rådmann Tone Ramsli orienterte om omorganiseringa av reinhaldstenesta i kommunen. Brigte Olav Gåsdal (Ap) bad om at det vert gjort ei evaluering av den nye organiseringa/ordninga etter ei tids drift.
---------------------------------	--

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 30.04.2015

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/15	15/286	Faste saker	
002/15	13/543	Permisjon og godtgjersle i samband med opplæring for tillitsvalde	

SAKNR. 001/15
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

22.04.2015 ADMINISTRASJONSUTVALET

Handsaming i møtet:

Brigt Olav Gåsdal etterlyste sak om retningslinjer/prosedyrar for korleis kommunen gjennomfører drøftingar med tillitsvalde i forkant av at det vert fatta vedtak som vedkjem dei tilsette. Han viste til at han på sist møte i formannskapet bad om å få opp slik sak i administrasjonsutvalet. Ordføraren beklaga at saka ikkje kom opp i administrasjonsutvalet 22.04.2015. Saka vil koma opp på neste møte.

Det vert vist til side 1 og 2 i møteprotokollen for informasjon om kva tema som vart teke opp under "Orienteringar/meldingar".

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ADM-001/15 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 002/15

PERMISJON OG GODTGJERSLE I SAMBAND MED OPPLÆRING FOR TILLITSVALDE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I samband med tillitsvaldopplæring, kan tillitsvalde som arbeider i nattevaktstilling etter søknad få permisjon med løn frå eventuelle vakter natta før kurs-/opplæringsdag. Dette skjer innan reglane i personalvedtektene punkt 5.5.4.

22.04.2015 ADMINISTRASJONSUTVALET

Handsaming i møtet:

Rådmann Tone Ramsli orienterte om at ei problemstilling i denne saka er om handsaming i administrasjonsutvalet vil gjera at ordinære drøftingar med fagforeiningane knytt til same tema ikkje vil vera påkravd. Ho orienterte om at kommuneadministrasjonen i ei tidlegare sak har fått informasjon frå KS om at det normalt sett ikkje er nødvendig med drøftingar med fagforeiningane i tillegg til handsaming i administrasjonsutvalet.

Det vart i møtet spurt om fagforeiningane har ordningar for økonomisk kompensasjon for dekking av "tap" for tillitsvalde som deltek på kurs/opplæring. Det ser ut til at fagforeiningane har litt ulike ordningar på dette området. Ordføraren bad om at tillitsvaldrepresentantane undersøker dette til neste møte i administrasjonsutvalet.

Rådmann Tone Ramsli orienterte om at det er ønskeleg med ei oversikt over kva grunnopplæring tillitsvalde i dei ulike fagforeiningane må gjennomføra/får tilbod frå fagforeininga om å gjennomføra.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ADM-002/15 VEDTAK:

I samband med tillitsvaldopplæring, kan tillitsvalde som arbeider i nattevaktstilling etter søknad få permisjon med løn frå eventuelle vakter natta før kurs-/opplæringsdag. Dette skjer innan reglane i personalvedtektene punkt 5.5.4.